

Arild Sunde Rinnan

Emne: VS: Oppdatert VA regulering Fauskelia
Vedlegg: Overvasshandtering vising av vassveger.pdf; VA Plan Fauskelia.pdf

----- Forwarded message -----

Fra: **Norman Hole** <norman@hole-maskiner.no>

Date: tir. 20. sep. 2022 kl. 00:36

Subject: SV: VA-plan kommentar

To: bastian.skogvold@gmail.com <bastian.skogvold@gmail.com>

Ferdig

FAUSKELIA - PLANFØRESEGNER 050722_kommunekommentar.pdf



Done

Slik kommunen les plan for overvatn og kartet så er berekninga for fordroyningbasseng og infiltrasjon isolert til utbygginga av dei tre bueiningane på tomt 5, 6 og 7 og den auka i overvatn dette gir. Kommunen saknar ein oversikt for korleis de skal handtere overvatnet frå heile området. Tomt 1,2,3 og 4 skal knyttast på ei eksisterande overvassledning i vest. Men kva med vegutbygginga å vatnet som vil komme i desse grøftene og frå terrenget ovenfor, korleis skal dette handterast? Vil skogrydding som blir i planområde i samband med utbygging føre til meir overvatn/raskare avrenning? Ifølge nabo i sør er det utfordringar i dag med overflatevatn. Er det tenkt at det berre er tilleggsvatnet frå dei tre husa som skal fordroyast og infiltrerast til grunn så vurderer kommunen at overvasshandteringa er mangelfull for planforslaget.

Det bør også vurderast kvar flaumvegen vidare nedover frå planområdet vil vere ved for eksempel styrtregnhendingar. Sjølv om det ikkje er bekkar i planområdet, vil kommunen tru at ved ekstremhendingar så vil det kunne generer mykje overvatn utanom det som blir fordroy frå husa som vil renne nedover. Sikker flaumveg er trinn tre i overvasshandtering.



Kommentarer og utfyllende opplysninger vedrørende ovanstående notat.

Overvassberegning med fordrøyning og infiltrasjon er kun for tomtene 5, 6 og 7

Den auka overvassmengda med endring av terreng er tatt hand om med fordrøyning og infiltrasjon og har god overkapasitet i forhold til eksisterende avrenning i dag

Tomtene 1,2 og 3 er ikkje bebygd i dag men har opplagt ledninger for å føre dette til kommunal spv ledning og ov ledning som går til sjø.

Her blir det ikkje vesentlig endring og OV ledning som er bygt har tilstrekkelig kapasitet til desse tomtene etter utbygging

Tomt 4 er bebygd og er i dag påkobla eksisterende spv og ov ledning

Terrenget ovanfor tomt 4 og bort til punkt A går i dag inn på eksisterende ov ledning og tar hand om dette vatnet.

Der er ikkje behov for endringer av dette.

Terrenget ovanfor tomtene 1-3 så vil vatn gå ned i vegrøft og der bir etablert ein ny SF kum her som tar det vatnet som kjem ovanfrå.

Denne SF kum blir kobla inn på eksisterende OV anlegg.

Fra denne kum og vest til eksisterande veg vil vatn gå i eksisterende kum som fører vatn i to separate ledninger til sjø.

Her blir heller ikkje endringer i forhold til korleis vatn går i dag.

Skogrydding av området er tatt hensyn i ved valg av faktorer for avrenning.

Nabo i sør har kommentert at ov ledninger ikkje har meir kapasitet for å handtere overvatn.

Med berekna fordrøyning og infiltrasjon vil ikkje nabo få meir vatn enn han har i dag.

Det er hans plikt å ta hand om det vatn som kjem inn på hans eigedom.

Det har blitt presentert fleire alternative løysinger for å ta hand om dette på hans eigedom men der har ikkje vore interesse for dette.

Utifra dette så er anlegget berekna med god overkapasitet om å ta hand om den ekstra avrenninga som tiltaket for tomtene 5-7 vil utløyse.

Nabo i sør vil såleis ikkje bli belasta med meir vatn enn han har i dag.

Vi kan ikkje sjå at planlegging av overvasshandtering er mangelfull.

Flaumveg er avmerka på kart og vil fortsatt vere slik den er i dag, mellom hus til K. Fiskarstrand og hans løe.

Vatn vil såleis ved ekstreme vassmengder gå ned til kommuneveg og evt. Følgje vegens grøfter til kommunalt ov system.

Ved ekstremver og flaum vil ikkje hus eller løe vere i faresona.

Utbyggjarar har forsøkt å få til ei løysing med nabo i sør men har ikkje lukkast med dette.

Tiltakshavar skal ta hand om sitt ekstra overvatn som tiltaket vil utløyse , men ved en 200 års flaum vil denne nebøren også gå ned til nabo

Det er også hans ansvar å ta hand om dette. Dette har ikkje vore vilje til .

Vi har også sett på berekningane for feltet øst om desse tomtene og her er det mykje mindre sikkerheitsmargin enn med dette tiltaket.

Utifra arbeidet som er blitt gjort med å få til fornuftige løysingar med ov vatn fra feltet så er det beklagelig at der ikkje har vore vilje til løysingar frå naboer nedstrøms.

Vi meiner derfor utifra desse kommentarer så stetter denne planen ei god ov løysing.

Hole Maskiner AS

Norman Hole